

Mål for regelverket og målgruppa

I Kulturminneloven av 1978 er kulturminne definert som alle spor etter menneskelig verksemd i vårt fysiske miljø, her under lokalitetar det knytt seg historiske hendingar til, tro eller tradisjon til. Definisjonen av kulturminne tar ikkje omsyn til alder, vernestatus, utstrekning eller forfatning.

Mål for regelverket og målgruppa

Målet med tilskotsordninga er å sikre og setje i stand kulturminne. Midlane omfattar tilskotsmidlar til konkret istandsetjings- og vedlikehaldsarbeid på aktuelt kulturminne. Målgruppe for ordninga er eigarar og forvaltarar av slike kulturminne som er nemnde ovanfor.

Tiltak som kan få tilskot

Tilskot vil bli tildelt etter følgjande prinsipp (ikkje i prioritert rekkefølge)

1. Prosjekt der det er stort lokalt engasjement og der det knyter seg særlege opplevings- og formidlingsverdiar til tiltak som stansar og hindrar ytterlegare forfall som det finst få av og som har kulturminneverdi.
2. Tilskot kan og gis som støtte til driftsutgifter knytt til det løpande vedlikehaldet, til dømes til innkjøp av nødvendig forbruksmateriell, nødvendig periodisk ettersyn/service av maskineri og teknisk utstyr, fysisk sikring/ivaretaking av fartøyet, mellom anna strømpoppkøpling ved kai.
3. Tilskot til drift kan gis etter søknad og blir tildelt etter behovsprøving ut frå faktiske behov for vedlikehald.
4. Det blir ikkje gitt faste, årlige driftstilskot.
Basert på vedteke budsjett kan beløpet ikkje overstige kr. 25 000,-
5. Tiltak som Øygarden kommune ser på som satsingsområde i formelle planar for ivaretaking av kulturminne skal prioriterast. *Til definerte satsingsområde kan det avsetjast større beløp til men det kan ikkje overstiga 20 % av dei totale faktiske kostnadene.*
6. *Det bør føreliggja dokumentasjon/uttale frå faglege institusjonar på verdi av prosjektet det vert omsøkt midlar for/til.*
7. Om søknaden ligg føre før arbeidet tek til og blir innfridd, blir halvparten av godkjente kostnader utbetalt. Resten blir utbetalt når restaureringa er ferdigstilt og det ligg føre dokumentasjon (t.d. byggjerekneskap, revisjonsrapport, årsmelding) underskriven av representantar frå ansvarleg mynde/organ.

8. Søknadsfrist 8. mai

Generelle opplysningar

For å få tilskot er det ein føresetnad at tiltaket fell inn under målet for ordninga. Ved fordeling av tilskot skal Øygarden kommune innafor disponible budsjettmidlar utføre ei samla fagleg vurdering av tiltaka i lys av den enkelte søknaden, og av behovet og venta miljøfaglege resultat som er synleggjort i denne. Riksantikvaren kan og sjølv prioritere og initiere oppgåver og tiltak innanfor særlege satsingsfelt.

Døme på prosjekter/tiltak som kan vere mottakar av tilskot er de som :

- tar kulturminneressurs i bruk gjennom sikring, istandsetting, restauring, skjøtsel og formidling
- stimulerer til verdiskaping og utvikling basert på kulturminneressursar i lokalsamfunnet. Dette kan vere i form av å utvikla nye samarbeidsformer og partnerskap mellom private eigarar, forvaltarar, frivillige grupper, lag og organisasjonar, stiftingar, private eigarar og forvaltarar, kommunar og næringsliv
- bidrar til utvikling og formidling av kunnskap og kompetanse som aukar interessa for kulturarven
- medverkar til utvikling av nettverk som fremmer godt handverk kommer ålmennheita til gode

Som hovudregel skal det ikkje gjevast tilskot til:

- Ordinært vedlikehald, modernisering m.v.
- Ordinær drift av institusjonar, organisasjonar, stiftingar og liknande
- Tiltak som strekker seg ut over tre år
- Dekning av underskot.
- Reiseverksemd
- Konferansar, seminar, kurs, stipend.
- neglisjert ordinært vedlikehald
- offentlige myndigheiter sitt sektoransvar for kulturminne og kulturmiljø
- lausøre og liknande
- kopiering av kulturminne
- arkeologiske utgravingar
- forskingsprosjekt
- musea
- publiseringstøtte, film, generell formidling
- tidligare investeringar (prosjektar som er ferdigstilt)